

1..3.2023

Rovviltnemnda region 6  
v/Statsforvaltaren i Trøndelag  
[sftlpost@statsforvalteren.no](mailto:sftlpost@statsforvalteren.no)

## **INNSPEL – REVISJON AV FORVALTINGSPLAN FOR STORE ROVDYR – REGION 6**

Vi viser til invitasjon til å delta i revisjonen av forvaltingsplanen.

### **KVIFOR STORE ROVDYR I MIDTNOREG?**

For alle dei 4 store rovdyra er det slik at den norske bestanden kan seiast å vere ein del av den skandinaviske bestanden. For alle dei store rovdyra er det ein kontakt og ei utveksling med Sverige. Sverige har ein annan rovdyrpolitikk, og har aleine bestandar som gjer rovdyrartane mindre utryddingstruga der enn i Noreg. Kvifor kan vi ikkje overlate ansvaret for dei store rovdyra til Sverige?

Naturmangfaldlova gjev ei god forklaring på dette.

Først til § 5:§ 5.(*forvaltningsmål for arter*)

Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av.

Forvaltningsmålet etter første ledd gjelder ikke for fremmede organismer.

Det genetiske mangfold innenfor domestiserte arter skal forvaltes slik at det bidrar til å sikre ressursgrunnlaget for fremtiden.

Denne paragrafen tar utgangspunkt i arten sitt behov. Vi skal passe på at artane som er her no også vil vere her i framtida, og at variasjonar innafor artane blir tatt vare på. Ein kan legge merke til at genetisk mangfald skal takast vare på hos dei domestiserte artane. At det er særskilt nemnt tyder at det også gjeld dei. At det gjeld dei ville dyra er faktisk sjølvsagt.

Region 6 har eit særskilt ansvar for jerven som finst som ein sørvestleg delbestand av jerv, der det er påvist mikroalleler som truleg har sitt opphav i den opphavslege jervbestanden i Noreg, hos ein del av individa.

Ein kan tenkje seg at ein kan bevare genetikk ved å ha ein del dyr i dyrehagar rundt om. Men det er ikkje meininga. Naturmangfaldlova § 4 viser dette tydeleg.

**§ 4.(forvaltningsmål for naturtyper og økosystemer)**

Målet er at mangfoldet av naturtyper ivaretas innanfor deres naturlige utbredelsesområde og med det artsmangfoldet og de økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte naturtype. Målet er også at økosystemers funksjoner, struktur og produktivitet ivaretas så langt det anses rimelig.

Naturen dreier seg om meir enn bjørn, ulv, jerv og gaupe. Alle dei andre dyra i naturen og resten av naturen blir påverka av at det finst store rovdyr. Utan store rovdyr vil økosystem bli forstyrta og kan stå i fare for å kollapse.

At vi skal ha ein viss bestand av dei store rovdyra er altså ein vesentleg føresetnad for at naturen skal fungere. Difor kan vi ikkje oppfylle naturen sine behov ved å plassere dei store rovdyra i ein dyrepark, og heller ikkje ved å jage dei over til Sverige.

Beitedyra sin plass blir også påverka av dette.

I utgangspunktet var det vill rein i heile landet, og samspelet mellom den ville reinen og dei store rovdyra var naturleg. Ein del av dei ville reinsdyra blei spist av dei store rovdyra. Då den ville reinen blei tam, så ligg det som ein grunnleggande føresetnad at dei store rovdyra vil forsyne seg litt, også av tamrein. Økosystema elles treng jo framleis «vedlikehald». Tilsvarande gjeld for andre beitedyr.

Det tyder at naturen har som føresetnad at det finst rovdyr, også store rovdyr, stort sett i heile landet, og rovdyr eter andre, også husdyr. Tap av husdyr til dei store rovdyra er ein del av avtala vår med naturen.

Vi har no fått ei ny internasjonal avtale, Montrealavtala. Den må innarbeidast. Den peikar i retning av endå strengare og meir kunnskaps- og forskingsbasert forvaltning av natur og artar. Pliktene vi har etter Bernkonvensjonen treng også ein gjennomgang.

### **FORDELING AV YNGLEMÅL**

Stortinget har vedtatt mål for kor mange rovdyr vi skal ha i Noreg. Måla er politisk bestemte, og har som resultat at alle dei store rovdyra vil halde fram med å vere truga. Biologisk må ynglemålet vere betydeleg høgare for å oppnå livskraftige bestandar og økosystem som er i orden. Såleis kan vi ikkje oppfatte desse måla som noko anna enn minstemål.

Praksisen har vore å kome så nær målet som mogleg. Vi meiner i det minste at ein då må godta variasjonar over målet også, ikkje berre under. Problema knytt til alt for små bestandar er større enn dei som oppstår for små bestandar. Det tyder at ein i det minste må praktisere tilnærminga til ynglemålet ved å vere oftare på oversida enn undersida av målet.

## FORVALTINGSOMRÅDER OG BEITEPRIORITERTE OMRÅDER

### Gaupe

I økosystem som består av både skog og fjellvidde er det naturleg at det finst både gaupe og jerv. I forvaltninga av dei store rovdyra kan det vere ein gunstig effekt av at jerven ofte går i spora etter gaupa framfor sjølv å jakte. Tapa av beitedyr blir difor samla mindre. Vi trur at det kan bli vanskeleg å bli samde om noko slikt.

Då er det ei anna tilnærming som kan vere interessant. I område der det ikkje er mål om å ha jerv er det dess viktigare at ein har gaupe, så har ein i alle fall eitt av dei store rovdyra til stades. Dette er mellom anna viktig for å regulere på bestanden av hjortedyr som det i store område er for mykje av. Mattilgangen utanom beitesongen er nok den som er marginal for gaupa i løpet av året. Ein rikeleg hjorteviltbestand skaper føresetnad for ein høg gaupebestand. Ein meir nøktern hjorteviltbestand kan moglegvis redusere føresetnadene for dei største svingningane i gaupebestanden. Dette kunne vi gjerne tenkt oss blei forska litt på.

Fosen fritt for store rovdyr er prinsipielt feil. Det same gjeld sørvestlege delar av Møre og Romsdal. Det er ikkje bra for noko område å vere utan store rovdyr over lang tid. At det ikkje er forvaltingsområde for nokre av dei store rovdyra på Fosen er difor svært motviljug akseptert av Naturvernforbundet. Det bør undersøkjast kva verknader ein har på Fosen som følgje av dette, slik at ein kan endre regimet før skadeverknaden på naturen blir for stor.

For 15 år sidan var det eit uttalt mål at gaupebestanden skulle aukast i sørvest, dvs. delar av Nord-Møre og sørvestlege delen av Sør-Trøndelag, og reduserast nordaust i Nord-Trøndelag, som del av ei byrdefordeling. Dette har ein oppnådd.

Naturlege grense for gaupe er høg fjell.

Kor mange gauper finst det? Vi har eit treigt registreringssystem, men samtidig er det dette systemet som er det beste vi har. Ei fagbasert tilnærming for å unngå dei største svingningane i bestanden.

Tema som må få særskilt merksemd:

- På Fosen og sørleg del av Møre og Romsdal bør vanlege byttedyr for gaupe kartleggast for å sjå om det oppstår skader på økosystem som følgje av manglande store rovdyr.
- Ein mogleg samanheng mellom stor hjorteviltbestand og tett gaupebestand, og motsett ein liten hjorteviltbestand og ein lågare gaupebestand bør undersøkjast.

I forvaltingsplan frå 2013 var det mål om 6 familiegrupper i Nord-Trøndelag, 4 i Sør-Trøndelag og 2 i Møre og Romsdal. Oppdelinga fylkesvis er borte i forvaltingsplanen frå 2018. Det har vore eit ofte uttalt mål at ein ville redusere bestanden i Nord-Trøndelag, særleg i Indre Namdal og heller auke bestanden sørvest i Sør-Trøndelag og i Møre og Romsdal, som ein del av ei byrdefordeling. Endringa har langt på veg lukkast. Dette skjedde ved at ein jobba uttalt med reduksjon av bestanden i nordaust, utan samtidig å vere tydelege med omsyn til å legge særleg til rette for aukiing i sørvest. Men prosessen har likevel lukkast langt på veg, sidan gaupa har flytta inn i dei aktuelle områda sørvest i Trøndelag og på Nordmøre. Det er mogleg at bestanden søraust i Sør-Trøndelag har blitt litt stor og at ein heller bør ha nokre fleire dyr i sørvest.

Vi ønskjer at det blir fylkesmål 4+4+4.

Vidare ønskjer vi at heile Sunndal kommune blir ein del av forvaltingsområdet for gaupe. Noverande grense langs Rv 70/Driva er unaturleg for ei gaupe. Ei grense som følgjer kommunegrensa går langt på veg i fjellet og er meir naturleg.

Endringar med fylkesgrensa har elles rota det litt til. Det er naturleg å sjå Surnadal, den delen av Heim som tidlegare var Halså, og heile Aure som eit jaktområde. Kvotemessig bør dette vere ein del av Møre og Romsdal.

### **Jerv**

Jerven er ein viktig del av økosystema i fjellet. Vi treng mellom anna jerv for å kunne ha ein sunn bestand av rein. Når det er for få jerv, vil risikoen auke for at naturen kjem ut av låge. Jerv er ein ansvarsart, på line med laks og rein. Når vi ser engasjementet for rein og laks, så reknar vi med noko liknande for jerv.

Den sørvestlege delbestanden består av ein del jerv i Oppland (Mål om 4 ynglingar), Møre og Romsdal (3), Hedmark (Det som måtte vere vest for RV 3) og Trøndelag (Vest for RV3/E6 og sør for Trondheimsfjorden. Innafor dette området er det ein del som er forvaltingsområde og noko er prioritert beiteområde.

Bestanden er stor nok viss det er ei god utveksling med dyr i den austlege delbestanden som er aust i landet og i Sverige. Utan god utveksling, blir det innavl. Ein del av føresetnadene for ei utveksling krev eit samarbeid med Oppland og Hedmark

Bestanden inneheld den siste resten av norsk jerv. Desse kjenner ein til i form av at det finst to sett med mikroallelar som dei kan ha det eine settet eller båe av.

Slike variasjonar har ein plikt til å ta vare på, då dette er ein del av det genetiske mangfaldet. Sjølv om det har vore fleire enn 3 jervynglingar i Møre og Romsdal, er det sjeldan så mange som 3 i forvaltingsområdet. Når ein bruker DNA-registreringane, ser det også ut til at bestanden er i underkant av målet i forvaltingsområdet.

Den todelte målsettinga seier at ein forvaltar jerven på jerven sine premiss i delar av det nemnte området, medan resten av arealet er prioritert beiteområde.

Grensa for forvaltingsområde for jerv skal trekkast langs fjordar og dalbotnar i så stor grad som mogleg.

Øvre Sunndal må leggast inn igjen i forvaltingsområdet for jerv etter same prinsipp som blei bruka då Forollhogna blei beiteprioritert område, fordi formålet var ulikt, skild av fylkesgrensa, og ulogisk for jerven.

Åmotsdalen må leggast inn i forvaltingsområdet for jerv.

Dette vil bidra til at ein oftare vil nå ynglemålet innanfor forvaltingsområdet i Møre og Romsdal, noko som vil gjere det meir føreseieleg med omsyn til førekomst av jerv i beiteprioriterte område.

Grensa for kva som er den sørvestlege delbestanden av jerv skal takast inn i planen, som ei grense som har konsekvensar for forvaltninga av jerv. Før det blir gjort kvotevedtak eller gjeve skadefellingsløyve skal ein samordne dette med naboregionane. Vidare skal ein sjå til at individ som har mikroallelane som truleg stammer frå den opphavlege norske jervbestanden blir unntatt jakt.

## **Bjørn**

Det må vere eit mål at ein skal ha 3 årlege ynglingar av bjørn i region 6. Det er vidare naturleg å ha eit mål om at desse bjørnane eter færrest mogleg av dyr som nokon eig.

Det vil vere bjørnebinner innom den søraustre delen av region 6 år om anna. Desse vil inngå som ein del av ynglingane i den grad det er tale om binner og at dei legg etter seg visittkort av noko slag. Det vil likevel ikkje vere tale om ein fast bestand, og det har ingen hensikt å opprette noka forvaltingsområde for bjørn i søraustre del av regionen.

Sjølv om det er nok å ha lagt frå seg eit hår eller ein skit for å telle med i utrekninga av bestanden, meiner vi det med få unnatak bør vere eit mål at binnene er i området heile året. Bjørn bruker nokre år før dei bidrar med yngling, og det går nokre år mellom ynglingane. For å unngå stor variasjon i yngletala frå år til år, så er det viktig at dei binnene som er kan vere ein del av bestanden over tid.

Problematikken rundt binner som lever både i forvaltingsområdet og utanfor må løysast. Å gjerde inn bjørnen i noverande forvaltingsområde er ikkje realistisk, og det kan vere usikkert i praksis om ein kan nå målet, sjølv om teoretiske utrekningar seier det kan gå. Då står det igjen å utvide forvaltingsområdet med areal som vi veit eignar seg, men som i dag er beiteprioritert område. Naturvernforbundet meiner forvaltingsområdet må utvidast vestover, over E6, slik at ein får grense på fjellet i staden for i skogen. Vidare må skogsområde mot sørvest der vi veit at bjørn oppheld seg ein del innlemmast i forvaltingsområdet.

Det tyder at noverande forvaltingsområde i nordaust er utgangspunktet for forvaltingsområdet også framover. Sjølv om NINA har kome til at arealet innanfor forvaltingsområdet er stort nok og eigna nok, viser erfaringane at det er få binner som berre held seg på innsida av forvaltingsgrensa, noko NINA også nemner.

Det er ønskeleg å flytte forvaltingsgrensa frå E6 vestover så ein kan legge grensa langs fjelltoppane. Dette er ei grense som bjørn i større grad vil unngå å passere, sidan bjørnen i stor grad er eit skogsdyr. Dei siste par åra har ein også sett område i Snåsa som ein bør legge inn i forvaltingsområdet i sør og sørvest. Ein del av området har inngått i forvaltingsområdet for bjørn tidlegare. Behovet for utvidinga har blitt ytterlegare forsterka som følge av at grensa for å gje skadefellingsløyve på binner har blitt lågare det siste året.

## **VEDTAK OM KVOTE OG RESERVEKVOTE**

Med godt overvåka bestandar vil ein vite ganske mykje om kor mange rovdyr som finst, kvar dei er og kor mange beitedyr dei har tatt.

Gjennom mange år er det kjent kor mange dyr ein kan felle av kvar rovdyrart for å halde ein stabil bestand, i den grad stabil bestand er mogleg. Av det følgjer kor stor kvota kan bli. Rovviltnemnda si oppgåve må då bli å fastsetje kvar i regionen denne kvota skal fordelast.

Kriterium for å gje kvote i forvaltingsområdet er at ein ikkje er berre på bestandsmålet, men over målet fastsett i forvaltingsplanen.

Kriterium for å gje kvote i beiteprioritert område er at ein har nådd bestandsmålet i næraste forvaltingsområde. Kvota bør leggest til kommunar der ein har tap av tamrein og vesentlege tap av sau. Kvota skal vere realistisk i den forstand at den ikkje skal vere høgare enn det finst dyr i området.

Nemnda sine vedtak om kvoter er grunnlag for klagerett. Dei fleste vedtaka vil vere omstridde og klager vil vere vanleg. Ei ganske stor utfordring er å gjere vedtak om kvote etter at bestandstal er kjent og i tilstrekkeleg tid til at klager kan bli ferdig handsama til ei tid før aktuell jakt tar til.

Vi meiner at ein nøkkel til ei betring på dette området vil vere å legge inn nokre prinsipp knytt til kvotevedtak.

Kjent og ikkje anslått bestand må vere grunnlag for kvotevedtak. Vi meiner at kvotevedtaket må basere seg på den bestanden som er kjent. Reservekvota skal kunne løysast ut som følgje av ny kunnskap, på grunnlag av visse kriterium.

For gaupe har ein prognosa frå Rovdata som det beste ein har og som må vere grunnlaget for kvotevedtak.

For jerv vil ein ha førebelse tal eit stykke uti mai, i tillegg til at ein kjenner bestanden ut frå DNA-påviste dyr frå året før.

For jerv vil ein utpå sommaren stundom få ei auke i talet på ynglingar som ein ikkje visste om på vedtakstidspunktet. For gaupe kan ein i enkelte område få dokumentert familiegrupper utover det prognosa gav, utover hausten og vinteren. Det er denne typen opplysningar som kan gje grunnlag for tildeling frå reservekvota.

Det har i lengre tid vore slik at ein i beiteprioritert område har vedtatt kvoter som ikkje skal vere begrensande. Då blir det sett høg kvote, og med det skapt forventningar om at det er mange rovdyr. Når fellingsresultatet er ein del lågare, så ligg det forventningar om at det er fleire dyr der ute, og rovdyrforliket bygger opp om at desse dyra skal fellast. Dette blir ei rad omstende som gjer konfliktnivået unødig stort. Dette må ein i den nye planen endre på.

Rovviltnemnda kan be administrasjonen om å telle opp kor mange klager som har kome frå beitenæringa og kor mange som har kome frå andre, så vil nemnda få eit inntrykk av kvar handlingsrommet er.

## **ADMINISTRATIVE TILTAK**

Det er naturleg at det står noko om møteform i forvaltingsplanen.

### **Opne møte**

Det er dei seinare åra vore ei blanding av fysiske møte, digitale møte og e-postmøter. Dei fysiske møta har dels vore sentralt i regionen, dels ambulerande.

### **E-postmøte**

Vi stiller spørsmål til om e-postmøter tilfredstillar krava til at møta skal vere ope. Når vi ser at det kjem eit anna vedtak enn det som det er innstilt på, utan av vi får del i dette som anna enn det endelege vedtaket, er det noko som skjer utan innsyn. Viss ein framleis vil bruke e-postmøte i visse høve, bør ein gå gjennom møteforma og sikre at publikum får innsyn i møtet. Desse krava kan vere aktuelle å få inn i planen.

### **Digitale møte**

Når møta blir gjennomført digitalt så noterer vi nokre fordelar:

- Møta tar mykje mindre tid, då vi slepp reisetid.
- Fleire av våre har høve til å følgje eit møte då vi lettare kan få oss nokre timar fri enn dagar.
- Digitale møte er rimelegare, ofte så mykje som 5000 kroner forskjell pr. møte pr. person.
- Nye friviljuge som gjerne vil ha rettleiing/opplæring i rovdyrtema kan lettare få dette på digitale møte.

Nokre ulempe er det også:

- Kontaktmoglegheiter med nemnda før og etter møte og under lunsjen fell bort
- Kontakt med andre observatørar minkar eller fell bort.

Oppsummert meiner vi at nokre møte kan vere digitale.

### **Fysiske møte**

- Reisetid og reisekostnader til fysiske møte kan bli ganske mykje. Det kan vere krevjande å delta på enkelte møte. Vi har spurd om det kan vere mogleg å følgje fysiske møte digitalt og fått førebels svar nei til det. Det finst etter kvart hjelpemiddel som gjer det mogleg med digitale løysingar utan at det legg sterke føringar på korleis møtet kan gjennomførast. Tilrettelegging på dette området kan gjere at fleire kan følgje prosessane i rovviltforvaltninga.

### **Samordning med region 3 og 5 om den sørvestlege delbestanden av jerv**

Dei to årlege samrådsmøta med region 3 og 5 bør takast inn i forvaltingsplanen. Vidare er det nokre tema som skal takast opp minst ein gong i året.

Vi ønskjer at det skal vere eit kart som viser området knytt til den sørvestlege delbestanden av jerv. Sidan det er eit samarbeidsprosjekt, får ein legge inn den delen av området som ligg i region 6 på kartet, med sikte på at dei to andre regionane følgjer opp seinare.

Kvart år skal det leggest fram kor mange ulike individ ein er kjent med i området på grunnlag av DNA.

Kvart år skal det leggest fram kor mange kjente ynglingar det er i området.

Kvart år skal det leggest fram statistikk over kor mange jerv som er berarar av minst eitt av dei to spesielle mikroallelene som er knytt til den sørvestlege delbestanden.

Kvart år skal det leggest fram oversyn over dyr innvandra frå andre delbestandar dei siste fem åra, når dei kom inn og kva år dei er registrert etterpå, basert på funne DNA.

Med vennleg helsing

Øystein Folden  
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Ellen Andersson  
Naturvernforbundet i Trøndelag